




# INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET

4/17

September 2017



**Landbrukskontoret for Sel og Vågå**  
**Edvard Storms veg 2**  
**2680 VÅGÅ, [postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no)**



**Tlf. 61 29 36 00**

---



## SØKNADSFRISTER

Produksjonstilskot	(PT)	1.10. – 15.10.17
Regionalt miljøtilskudd	(RMP)	1.08. – 15-10.17
Beitelag – RMP		1.11.17
Erstatning rovviltskader sau		1.11.17

---



## INFORMASJON OM PT OG RMP

Fristen for å søke produksjonstilskot nærmar seg. Frå og med i år er det som dei fleste kjenner til, gjort endringar i korleis føretak skal søke om tilskot.

2017 er eit omleggingsår frå gammalt til nytt system. Husdyrbrukarar har allereie stifta kjennskap til systemet i samband med søknadsomgangen i mai. Det nye systemet er bygd opp med 2 registreringsomgangar:

Fyrste registrering ( Del 1 ) telledato 01.05.17.

Andre registrering ( Del 2 ) telledato 01.10.17.

**Andre registrering** i det nye systemet er i perioden mellom 1. oktober (telledato) og 15. oktober (søknadsfrist). Her kan det søkjast om:

- Husdyrtilskot, arealtilskot, beitetilskot, dyr som gir grunnlag for avløysartilskot, avløysartilskott 2017, bevaringsverdige husdyrrasar.

Samordna utbetaling av tilskot i det nye systemet, Del 1 og Del 2 skjer i februar 2018.

## **Frist for etterregistrering i det nye systemet**

Det er enkelte opplysningar som kan etterregistrerast etter 15. oktober, men innan 10. januar:

- Avløysarutgifter for perioden 15. oktober til 31. desember.
- Dyr på beite som er tatt ned frå utmarksbeite seinare enn 15. oktober.
- Livdyr av gris, kylling og kalkun som er solgt mellom 15. oktober og 31. desember.

## **Ny regel om søknad som blir levert for seint.**

Søknadsfristene blir absolutte. Føretak som leverer søknaden innan fristen, vil kunne endre opplysningane i søknaden innanfor 14 dagar utan å få trekk. Det vil ikkje lenger vere mogleg å levere søknaden etter fristen - med eit trekk på 1 000 kroner per dag.




**For å få tilgang til søknad om PT må du logge deg inn via Altinn – [www.altinn.no](http://www.altinn.no).**

## **Info frå Landbruksdirektoratet [www.landbruksdirektoratet .no](http://www.landbruksdirektoratet.no)**

- Du må bruke enten BankID, MinID, Buypass, Commfides eller BankID på mobil for å logge deg inn i søknaden din via Altinn. Du finner mer informasjon om de ulike innloggingsmulighetene på nettsiden til [Difi](http://Difi).

For å få tilgang til søknad om produksjonstilskudd er det viktig at du velger riktig aktør. Velg foretak (organisasjonsnummer) som aktør og ikke person (fødselsnummer). Dersom du velger feil, lukk nettleseren helt før du logger inn igjen.

**Meir informasjon om korleis du skal søke i 2017, finn du på heimesida til Landbruksdirektoratet under overskrifta "Nytt system for.... 2017" på høgre side.**



## **Regionalt miljøtilskot - RMP**

Regionalt miljøtilskot (RMP) vil i 2017 ha same søknadsfrist som produksjonstilskot i haust.

Som det går fram av oversikt på søknadsfristar er det allereie nå tilgang til å søke om RMP tilskot. **Søknadsfristen er 15. oktober** for landbruksforetak. For beitelag er fristen 1. november. På heimesida til Fylkesmannen i Oppland finn ein meir om retningslinjer for regionale miljøtilskot i 2017.

## **Korleis søke RMP?**

Du kan søke regionalt miljøtilskot på 2 måter, enten via Altinn eller på papir som tidlegare. Du kjem til søknadsskjemaet i Altinn via Landbruksdirektoratet si heimeside. Husk å ordne tilgang til Altinn i god tid! Sjå info frå Landbruksdirektoratet.

Det er ønskjeleg at så mange som mogleg søker elektronisk via Altinn.

Karttegninger av tiltak kan overføres fra fjorårets søknad! Du får spørsmål om du vil gjere dette etter at du har oppretta søknaden.

Hvis du får problemer med å opprette en søknad og logger inn på nytt, kan det hende at den søknaden du begynte på allerede er registrert. Da finner du den nederst i skjermbildet etter innlogging og må klikke på «Endre» for å fortsette med å fylle ut søknaden.

Du kan også sende søknad på papir. Søknadsskjema kan du få fra kommunen eller skrive ut fra hjemmesiden til Fylkesmannen.

---

## **OMDISPONERING AV SKOGAREAL TIL BEITE**


Omdisponering av skogareal til beite er ikke søknadspliktig eller krev særskilt godkjenning av kommunen etter skogbrukslova. Skogeigar er forplikta til å foryngje avverka areal innan 3 år frå hogst. Når arealet blir tatt i bruk til innmarksbeite faller foryngingsplikten bort.

Dette betyr i praksis at ein må ta til med inngjerding etter at arealet er avverka, og iverksette tiltak som gjer at arealet får innmarks-beitepreg. Landbrukskontoret godkjenner om heile eller delar av det inngjerda arealet kan definerast som innmarksbeite.



Det kan i enkelte tilfelle ta lenger tid enn tre år å få etablert og godkjent det tidlegare skogarealet som innmarksbeite. Sjølv om det tek lenger tid vil dette i dei aller fleste tilfelle ikkje vere eit brot på foryngingsfristen.

Det kan i mange tilfelle vere aktuelt å søkje SMIL-tilskott frå kommunen for inngjerding og/eller rydding av hamnlykkja. Har du planar om å rydde eit areal til innmarksbeite/hamnlykkje; ta kontakt med Landbrukskontoret.



## **TILSKOTT TIL INVESTERING OG BEDRIFTSUTVIKLING: IBU-MIDLANE**

Det er mogleg å registrere IBU-søknad for 2018 allereie frå 1. oktober. Endeleg søknadsfrist er enno ikkje fastsett. Det har vore stor etterspurnad etter tilskottsmidlar til investering i tradisjonelt landbruk. Vi anbefaler difor potensielle søkjarar om å starte søknadsprosess så snart som råd.

Når det gjeld tilskott til tilleggsnæring er det mogleg å søkje om etablerartilskott, bedriftsutvikling og investering. For meir informasjon – sjå nettsidene til Innovasjon Norge og/eller kontakt oss på landbrukskontoret.

**NB! Søknadar må sendast inn og handsamast av Innovasjon Norge før prosjektet vert påbegynt.**



## **PLØYEDAG**

"Fjellandbruk er framtid" inviterer til pløyedag med instruktør Atle Haugnes frå Norsk Landbruksrådgiving Trøndelag. Ei god pløgsle er ein god start på omlegging av enga. Ta med traktor og plog og få

plogen innstilt så godt som mogleg.



**Tid: Tysdag 3. oktober kl. 11.** Vi vil kome attende med kvar opplæringa vil finne stad. Enkel servering med skikkelig bålkokt kaffi.



*Haust , på tide å kome seg heim?*



~~Landbrukskontoret for Sel og Vågå  
Edvard Stormsveg 2  
2680 VÅGÅ~~

**Tilsette på kontoret:**

Per-Ivar Weydahl, tlf 61 29 36 71/920 41 410,  
e-post: [per-ivar.weydahl@vaga.kommune.no](mailto:per-ivar.weydahl@vaga.kommune.no)

Kjersti Reksen, tlf. 61 29 36 77/909 40 529,  
e-post: [kjersti.reksen@vaga.kommune.no](mailto:kjersti.reksen@vaga.kommune.no)

Bjørn Tore Karlstad, tlf. 61 29 36 73/957 96 218,  
e-post: [bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no](mailto:bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no)

Kjell Hølmo, tlf. 61 29 36 79/970 11743,  
e-post: [kjell.holmo@vaga.kommune.no](mailto:kjell.holmo@vaga.kommune.no)

Jan Teigen, tlf. 61 29 36 78/ 994 51 073  
e-post: [jan.teigen@vaga.kommune.no](mailto:jan.teigen@vaga.kommune.no)

Per Ekre, tlf. 61 29 36 74/958 26 661,  
e-post: [per.ekre@vaga.kommune.no](mailto:per.ekre@vaga.kommune.no)

Iris Dalseg, tlf. 61 29 36 49,  
e-post: [iris.dalseg@vaga.kommune.no](mailto:iris.dalseg@vaga.kommune.no)

Ola Løkken (Mjøsen), tlf. 971 94 015, e-post: [ol@mjosen.no](mailto:ol@mjosen.no)

**Landbruksvikarar, tingast på 61 29 36 03/61 29 36 00:**

Ola Lusæter og Ivar Ulsand